



Anne Elisabeth Fosse
Radøyvegen 287 A
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7337 - 14/27518

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
15.12.2014

Førebels svar - trong for ytterlegare tilleggsdokumentasjon - gbnr 131/4 Remme

Kommunen viser til dykkar søknad som vart motteken 04.11.2014, brev frå oss «Førebels svar – trong for tilleggsdokumentasjon – gbnr 131/4 Remme» datert 13.11.2014, samt dykkar innsendte tilleggsdokumentasjon datert 22.11.2014.

Vidare sakshandsaming

Kommunen har kontrollert søknaden, inkludert materialet dykkar datert 22.11.2014, og finn at den framleis ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn ein søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF. Det er viktig at dispensasjonssøknaden er grunngjeven.

Eigedommen er opphavelg ein landbrukseigedom og har i dag småskaladrift, men kjem likevel ikkje inn under dagens definisjon av eit gardsbruk som er i drift. Bygningen det søkast om er ikkje i tråd med LNF-føremålet. Meir informasjon om dette finn ein m.a. i rettleiaren «Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss» som ligg på regjeringa sine nettsider.

For at vi skal kunne handsame søknaden og eventuelt kunne gje byggjeløyve på denne eigedommen, er det ein føremon at det søkast om dispensasjon frå arealføremålet LNF. Sidan søknaden krev dispensasjon, blir saka sendt til Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune for uttale, etter at vi har motteke ein eventuell dispensasjonssøknad. Etter dette vil vi kunne ferdighandsame søknaden dykkar.



Alle naboane er varsla og ingen har kome med merknader. Naboane skulle ha vore varsla om at tiltaket krev dispensasjon. Då ingen av naboane har kome med merknadar, kan vi som tidlegare nemnt frita deg frå plikten til på nytt å måtte varsle naboane.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 09.02.2015**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Ta gjerne kontakt med oss om noko er uklart.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anne Elisabeth Fosse

Radøyvegen 287 A 5911

ALVERSUND